

UTSKRIFT AV MØTEBOKA

for BYGNINGSRÅDET RADØY KOMMUNE

i møte den 04.06.91.

Sak 54/91.

KARL MORKEN, KEILEVEIEN 17, 6900 FLORØ.

Karl Morken søkte i 1974 om løyve til frådelling av ein bustadomt på gnr. 30, bnr. 7 si **utmark** på Søre Vågenes. Det vart i den samanheng gjeve løyve av landbruksmyndigheitene til frådelling.

Bygningsrådet hadde saka føre i møte i sak 213/74 og uttala då at: "Før bygningsrådet kan ta avgjerd i saka, må det liggja føre søknad om løyve til kloakkutslepp og søknad om utkøyrsløse til kommunevegen."

Saka vart liggjande då det kom på tale å regulera for eit bustadområde her, og søkjaren var då interessert i å få ein bustadomt der. Desse planane vart seinare lagt bort og søkjaren ynskjer nå å få delt frå den tidlegare omsøkte tomta. I den samanheng søkjer han no om utsleppsløyve for kloakk.

TEKNISK SJEF SIN UTTALE:

Eg meiner det vil vera rett å godkjenna den omsøkte tomta som tomt for bustadhus. Dette med bakgrunn i at tomta dels tidlegare har vore godkjent og at søkjaren lenge venta på at kommunen skulle regulera og byggja ut eit bustadområde her.

Eg vil difor rå bygningsrådet til å gjeva løyve til utslepp av kloakk og at tomta vert generelt godkjent for bustadhus og løyve til frådelling av tomta. Vidare må det gjevast løyve til avkøyrsløse frå kommunevegen.

VEDTAK:

Bygningsrådet syner til uttale frå teknisk sjef og finn med den same grunngjeving som han å godkjenna omsøkte tomt som bustadomt på følgjande vilkår:

1. Tomta må få godkjent avkøyrsløse frå kommunevegen og denne må så opparbeidast etter dei krav som teknisk sjef set fram.
2. Det vert gjeve løyve til utslepp av kloakk frå bustadtomta på følgjande vilkår:

1. Kloakken må først gjennom forskriftsmessig slamavskillar - 3-delt med eit samla vassvolum på min. 4 m³. Slamavskillar må få ei slik plassering at det er tilkomsthøve med tankbil for tøming.
2. Etter slamavskillar må avlaupet først gjennom kunstig sandfiltergrøft i ei lengd av 25 m eller 50 m (opparbeidd etter forskriftene), før utsleppet vert førd til grøftesystem.
Det er kvaliteten på filtersand som vert nytta i grøfta som er avgjerande for lengda.
3. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å få løyve frå dei eigedomar utsleppet må først over.
4. Ansvarshavande for utføringa av utvendige arbeid med røyr/kummer/grøfter må tilfredsstillast krava i "FORSKRIFT OM KRAV TIL FAGLIGE KVALIFIKASJONER FOR UTFØRENDE PERSONELL AV LEDNINGSANLEGG FOR AVLØPSVANN".

Under desse føresetnader gjev bygningsrådet løyve til å halda kart- og delingsforretning for frådeling av bustadtomta.

Manger 06.06.91.

Tove Sylta
Tove Sylta
e.f.

Går til Oppmålingsavdelinga, her.
Kopi til Karl Morken, Keileveien 17, 6900 Florø.